



NASJONAL KOMMUNIKASJONSMYNDIGHET
Postboks 93
4791 LILLESAND

Dato: 18.09.2018
Vår ref.: 2018/11262-34
Saksbehandlar: hanglop1
Dykkar ref.:

Nettkartleggingsundersøking på Doffin - rapport frå Hordaland

Viser til krav om at relevante utbyggjarar skal kontaktast for å avdekke eventuelle utbyggingsplanar for breiband i dei områda som Hordaland fylkeskommune har prioritert for tilskotsordninga. Den økonomiske ramma til Hordaland er 8.325.675 kroner, og Hordaland fylkeskommune prioriterer følgjande områder i innstillinga til Nasjonal kommunikasjonsmyndighet (Nkom)

1. Kvinnherad kommune: Strekninga Matre ferjekai-Åkra og Snilstveitøy-Skorpo – 3.800.000 kr
2. Os kommune: Sørstrøno – 400.000 kr
3. Meland kommune: Landsvik-Skjelanger, Ådland, Io, Håtuft-Espetveit, Fosse, Eikeland, Erstad-Meland-Bjørnestad og Dalstø. – 4.125.675 kr

Dersom det vert aktuelt med ny tildelingsrunde av unyttta midlar hausten 2018, ynskjer Hordaland fylkeskommune å prioritera følgjande områder:

1. Jondal kommune: Torsnes og strekninga Myra-Hessvik – 1.000.000 kr
2. Samnanger kommune: Hisdal-Trengereidfjorden – 900.000 kr
3. Lindås kommune: Tilleggsfinansiering av prosjektet «Breiband i Lindås 2016» – 7.500.000 kr

Hordaland fylkeskommune registrerte følgjande kunngjøring i Doffin 17. august 2018:

<https://www.doffin.no/Notice/Details/2018-371874>

Då fristen gjekk ut 21. september 2018 hadde Hordaland fylkeskommune motteke to innspel i løpet av høyringsrunden. Det eine kom frå Telenor, og er referert under:

Viser til Kunngjøring 319691 «Kartlegging av eksisterende og planlagte bredbåndsnett i Hordaland fylke ifbm. statsstøtte til utbygging.» Telenor har meldt sin interesse via Doffin og viser til epost under. Telenor har pt ingen pågående utbygging eller konkrete planer for utbygging i noen av områdene under, bortsett fra Lindås. Der vant som kjent Telenor deler av områdene i utlysningen i 2016 sammen med Bergen Fiber og Nettstar.

I tillegg har Hordaland fylkeskommune fått melding om at Bergen Fiber har planar om utbygging av breibandsnett i Dalstø, Meland kommune.

Med venleg helsing
Mette Nora Sætre
nærings sjef

Hans Inge Gloppen
Spesialrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.